

Tiltaksplan 2012-2013

(med utgangspunkt i Møre og Romsdal fylkeskommune sin «Plan for arbeid med kvalitet i vidaregåande opplæring 2012-2016»)
(Berre tiltaksområde som skal iverksettast/vidareutviklas/justerast er med i tiltaksplanen)

Sunndal vidaregåande skole

Styringsområde: Tilpassa opplæring som grunnlag for meistring		
Tiltaksområde	Slik vil vi ha det	Prioriterte tiltak
Vurdering	Vi har eit system som sikrar at elevane opplever at tilbakemeldingane frå lærarane er tilpassa deira nivå og dei veit kva dei har fått til og kva dei skal arbeide med for å bli betre. Dei bruker tilbakemeldingane slik at læringsmiljøet er prega av motivasjon og elevdeltaking. Lærarane og elevane har ei felles forståing av kva kompetanse dei ulike karakterane og vurderingane uttrykker når det gjeld måloppnåing.	Vidareutvikle bruken av Skolearena Fokusere sterkare på kva eleven skal gjere for å bli betre i faget
Kartlegging	Elevane sine ferdigheiter i lesing og rekning vert kartlagt ved starten av skoleåret. Resultata frå kartleggingane vert diskutert i skolen og brukt for å tilpasse opplæringa på ein måte som kjem den enkelte elev til gode. Skolen har egne rutinar for korleis ein følgjer opp elevar som treng tett oppfølging og utgreiing om behov for spesialundervisning. Desse rutinane blir følgt.	Gjennomgå og justere rutine ved skolestart Vg1-elevar som skårar på eller under kritisk grense skal få tilbod om NyGIV-tiltak innan 01.10.2012
Variert bruk av læremiddel og metodar	Lærarane varierer undervisninga med aktiv bruk av ulike læremiddel og aktivitetar som t.d. elevpresentasjonar, rollespel, gruppearbeid, eksperiment, entreprenørskap m.m. Lærarane varierer undervisningsmetodane i dei ulike faga og tilpassar dei til elevane sine føresetnader. Elevane opplever at dei har ein spanande og variert skolekvardag, med bruk av ulike læremiddel og arbeidsmåtar tilpassa elevane, noko som motiverar dei til å arbeide med faget.	Erfaringsdeling. Døme på god praksis skal delast med andre som arbeider innanfor same arbeidsområde og med resten av kollegiet "Bok på brett". Prosjekt på Vg1 ST og Vg1 BA. Iverksette problembasert læring på Vg1 HS Auka bruk av lokale bedrifter i Prosjekt til fordjuping på Vg2 BA Iverksette vurderingsrutine utarbeidd gjennom NyGIV-prosjekt for elevar på Vg2 YF i lokale bedrifter i Prosjekt til fordjuping Ta i bruk Smartboard på inntil 5 nye klasserom
Klasseromsleing	Lærarane motiverer elevane og gir dei tru på egne moglegheiter til fagleg og sosial utvikling, og får elevane til å ta ansvar i læringsarbeidet. Elevane forhold seg til felles reglar, det er arbeidsro og fokus på læring. Elevane veit kva de skal lære og får god fagleg støtte.	Innhald på kontaktlærarteammøta kvar veke Innføring for alle tilsette i autismespekteret med hovudvekt på Aspergers syndrom

Styringsområde: Inkludering og medverknad

Tiltaksområde	Slik vil vi ha det	Prioriterte tiltak
Det psykososiale læringsmiljøet	Elevane føler seg trygge og trivst på skolen. Elevar og tilsette opplever ei felles haldning til oppfølging av reglement. Det er nulltoleranse hos alle når det gjeld vald og trakassering. Skolen følgjer godt opp elevane slik at ikkje nokon fell ut frå fellesskapen. Skolen har rutinar for varsling og oppfølging av brot på elevane sitt arbeidsmiljø. Elevane kjenner rettane sine etter kap 9a i Opplæringslova	Gjennomgå rutine ved skolestart Eige informasjonsrom på Fronter om brannsikringsprosjektet
Elevmedverknad	Elevane deltek i planlegging og vurdering av eige arbeid på ein måte som fremmar den faglege læringa. Skolen har eigne rutinar for oppfølging av resultatata frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa.	Den enkelte lærar er tydeleg på kva tid elevane deltek i planlegging og vurdering Gjennomgå rutinar ved skolestart
Elevdemokrati	Skolen har et aktivt elevråd og skolemiljøutval som samarbeider tett med leiinga ved skolen. Det er utarbeidd rutinar for dette samarbeidet. Skolen har eigne rutinar for oppfølging av resultat frå elevundersøkinga og undervisningsevalueringa.	Gjennomgå og justere rutinar ved skolestart

Styringsområde: Gjennomføring og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa

Tiltaksområde	Slik vil vi ha det	Prioriterte tiltak
Overgangar mellom trinn	86 % av dei som går ut av vg1 våren 2013, skal vere i vg2 hausten 2013. 84 % av dei som går ut av vg2 våren 2013, skal vere i opplæring i vg3 eller i bedrift hausten 2013.	Iverksette NyGIV-tiltak på Vg1 Fokusere sterkare på Prosjekt til fordjupning som reiskap for å skaffe læreplass Iverksette registrering
Gjennomført	84 % av Vg1-elevane har gjennomført og greidd 84 % av Vg2-elevane har gjennomført og greidd 77 % av dei som går ut av vg3/lærefag skal ha fullført med anten studiekompetanse eller fagbrev innan 5 år.	Tydeleg elevmedverknad Oppfølging av dei som ikkje har fullført og greidd alle fag kvart skoleår
Karakterutvikling	Elevane har ein positiv karakterutvikling frå eit trinn til neste trinn, eller når måla sett i IOP.	Iverksette gruppevise målingar for kvart halvår
Vg2 elevar som søker læreplass	For kvart utdanningsprogram skal minst 75% av elevane som fullfører Vg2 yrkesfag ha søkt læreplass.	Iverksette målingar
Vg2 elevar som har fått	For kvart utdanningsprogram skal minst 90% av elevane som	Iverksette målingar

tilbod om læreplass	fullfører Vg2 yrkesfag og har søkt læreplass, ha blitt formidla innan 1.10.	
Oppfølgiong av elevar som står i fare for å slutte i opplæringa	Skolen har gode system for å følgje opp tidleg dei elevane som er i faresonen for å slutte i skolen. Det vert gjennomført avklaringsmøte med elevar som står i fare for å slutte. Elevane vert følgt opp med ein oppfølgingsavtale slik at det vert sett i verk tiltak enten i skolen eller at oppfølgingstenesta formidlar dei til tiltak dersom eleven vel å slutte.	Iverksette nye rutinar for oppfølging
<i>Styringsområde: Leiing og kompetanseutvikling</i>		
Tiltaksområde	Slik vil vi ha det	Prioriterte tiltak
Kompetansebehov	Skolen har gode rutinar for å kartleggje kompetansen til dei tilsette. På grunnlag av kartlegginga legg skolen planar for kompetanseutvikling av personalet og bruker og verktøyet til å planleggje rekruttering framover. Leiinga og personalet er samde om kva kompetanse skolen treng for å møte dei behova som skolen har.	Gjennomgå rutinar ved skolestart
Kompetanseutvikling	Skolen legg godt til rette for kompetanseutvikling, både ved at ein har etablert arenaer for kompetansespreiing og –utvikling på skolen. Skolen legg godt til rette for at personalet kan delta på faglege etter- og vidareutdanningstiltak. Skolen bruker og kollegarettleiing og rettleiing av nyttilsette i kompetanseutvikling. Personalet har eit stimulerande arbeidsfellesskap, kor læring på tvers av avdelingar og faggrenser skjer ofte.	Gjennomgå rutinar ved skolestart Erfaringsdeling. Døme på god praksis skal delast med andre som arbeider innanfor same arbeidsområde.
Medarbeidarutvikling	Personalet opplever at skolen har ein tydeleg leiingsstruktur og medarbeidaroppfølging. Det vert opplevd som om leiinga er “tett på” og fremmer ein god og open skolekultur. Skolekvardagen vert organisert slik at ein har gode moglegheiter til å arbeide saman i “team” og det vert lagt godt til rette for utvikling av den enkelte medarbeidar. Leiinga har eit system som sikrar medarbeidarutvikling, t.d. ved skolevandring.	Erfaringsdeling. Døme på god praksis skal delast med andre som arbeider innanfor same arbeidsområde. Alle lærarar skal ha besøk av sin avdelingsleiar i klasserom / verkstad med påfølgande samtale minst to gonger i løpet av skoleåret